

# INNSPEL FRÅ ADMINISTRASJONEN TIL KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

---

## INNHALD

INNLEIING OG METODE.....	2
VISJON .....	3
ATTRAKTIVITET.....	4
BUSETTING.....	6
VOLDA I REGIONEN .....	8
VOLDA SENTRUM .....	10
FOLKEHELSE.....	12
KLIMA OG MILJØ .....	14
TENESTER .....	16
SAMFUNNSTRYGGLEIK.....	18

## INNLEIING OG METODE

Hausten 2015 vart det laga eit oppgåvehefte "Innspel frå administrasjonen til kommuneplanen for Volda 2016-2028". Oppgåveheftet vart delt ut til rådmannen sitt leiarteam. Rådmannen sitt leiarteam består av leiarane for dei ulike sektorane i kommunen (Opplæring og oppvekst, Helse og omsorg, Teknisk, Utvikling, Kultur og service og Ressursstaben). Sektorleiarane fekk i oppgåve å svare på spørsmåla i heftet saman med fleire frå sin sektor. Leiarane tok så med seg hefta tilbake til leiargruppemøta, og presenterte og diskuterte sine innspel der.

Kvar sektor vart bedd om å definere kvalitetar, utfordringar, mål og strategiar for kvart av dei åtte hovudtema i planprogrammet.

I november vart det arrangert eit heildags-arbeidsmøte, der representant frå barnevern og NAV også var invitert. På arbeidsmøtet fekk deltakarane i oppgåve å "snevre inn" mål og strategiar. Dei lagde også eigne tiltakstabellar til kvart mål. Tiltakstabellane er ikkje inkludert i dette dokumentet, men vil takast fram igjen ved vidare arbeid mot handlingsplan, budsjett og økonomiplan.

Etter dette møtet vart dokumentet "reinskreve" av prosjektgruppa for kommuneplanarbeidet, og sendt ut til alle sektorane på "høyring".

Dette dokumentet inneheld framlegg til mål og strategiar for kommuneplanen, frå administrasjonen i Volda kommune.

## VISJON

*Innspel frå leiargruppa 18. august 2015.*

### **Kvifor kan det vere nyttig å ha ein visjon?**

- Noko å strekke seg mot.
- Samlande. Eit framtidsbilete.
- Sjekke at ein er på rett spor undervegs i prosessen.
- Ein felles referanse. Ein ambisjon, forventning. Ein ledestjerne.
- Peiker retninga, skaper energi.
- Kan vere samlande. Kan gje identitet og stoltheit.

### **Visjonen "Volda for alle" skal nyttast i kommuneplanarbeidet – kva legg du i visjonen "Volda for alle"?**

- Openheit.
- Alle skal ha høve til å delta.
- Alle skal få høve til å dele informasjon. Dialog.
- Ein inkluderande visjon.
- Få engasjert alle. Få innspel.
- Ein god start for alle; barn, unge, vaksne, eldre.
- Alle skal føle seg heime.
- Ein god stad å vere/bu. Openheit, likheit.

### **Kven er "alle" i Volda?**

- Barn, unge, unge vaksne, arbeidsledige, innvandrarar, asylsøkjjarar, arbeidadarar, akademikarar, studentar.
- Alle som bur i Volda + dei som er på besøk.
- Dei som har flytta (kvifor flytta dei?).
- Dei som "ingen" vil ha.
- Dei som har utfordringar. Narkomane, rus, psykiatri.
- Handlar om menneskesyn.
- Ikkje berre dei som er i sentrum, også dei som er i periferien.
- I praksis alle dei som let seg inkludere. Dei som ikkje har nokon til å representere seg.
- Dei som kjem til Volda som vaksne, dei vi ikkje veit noko om.
- Turister, single, fraskilte, gifte. (Potensiale: kva kan vi tilby dei? Frisk luft, busetting).
- Alle i Volda, alle som bur her, eller som kjem til å bu her.
- Enkeltmenneske.

### **Kvifor skal vi tenkje "Volda for alle" i kommuneplanarbeidet?**

- Alle skal få oppleve positiv utvikling.
- Likeverd.
- Vi skal ta med dei minste.
- Må ikkje gløyme historia. Nye innbyggjarar må også få høyre historia. Historia gjer forankring, identitet, særpreg. Volda er ikkje ein kopi. Prenteverket, StudiebygdA osv. Historia gjer tryggleik. Ein plattform. Slik at du veit kvar du kjem frå.

## ATTRAKTIVITET

### MÅL:

Heve standarden på barnehage og skulebygg i Volda.

### STRATEGIAR:

- Gode opplæringsarenaer for barn og unge.
- Legge til rette for betre kroppsøvningsfasilitetar for skulene i Volda sentrum.
- Prioritere standard på barnehage og skulebygg i Volda tettstad.

### MÅL:

Fråfall i vidaregåande skule skal reduserast .

### STRATEGIAR:

- Prioritere tidleg innsats
- Tverrfagleg samarbeid
- Oppdage og setje inn tidlege tiltak overfor utsette barn og unge.

### MÅL:

Volda skal ha eit aktivt kultur- og idrettsliv.

### STRATEGIAR:

- Legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar for alle aldersgrupper.
- Samarbeide med lag og organisasjonar og stimulere det frivillige arbeidet.
- Arbeide for eit nytt kulturhus.
- Eldre skal nyttast som ressursar.

## MÅL:

Private arbeidsplassar i kommunen skal auke med 10% på fire år.

## STRATEGIAR:

- Samarbeide med Ørsta kommune om tilrettelegging av attraktive næringsområde i regionen.
- Vidare satsing på Sunnmøre kulturnæringshage (SKNH) og Volda næringsforum (VN).
- Kunnskapspark i Aasenbygget på høgskulen.
- Styrke Volda sentrum som handelssentrum.
- Legge til rette for innovasjon.
- Volda kommune skal legge til rette for fleire næringshagar.
- Utvikle "nedlagte skular" og andre ledige areal til næringshagar og nyetableringar. Gje rimeleg leige.
- Styrke næringshagesamarbeid med Nordfjord (Stryn/Eid) og kompetanseutvikling Campus HiVolda.
- Fjordane skal nyttast som ressursar.

## BUSETTING

### MÅL:

Volda kommune skal ha 12 000 innbyggjarar i 2028.

### STRATEGIAR:

- Utvikle Volda sentrum.
- Tilrettelegge for næringsutvikling og vidareutvikle kompetansearbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.
- Gode tilbod på private velferds- og aktivitetstenester for eldre i samarbeid med høgskulen i Volda, helseforetaket og Volda og Ørsta kommunar.
- Volda skal vere bygdebyen der du ikkje treng bil - kan gå til alt og der du har "alt".
- Satse på og styrke Volda kommune sitt omdøme på folkehelse

### MÅL:

Fleire unge skal flytte til Volda. Talet på nettoinnflyttingar i alderen 18–30 år skal vere positivt.

### STRATEGIAR:

- Volda kommune skal kunne tilby gode oppvekstmiljø.
- Volda kommune skal kunne tilby 100 % barnehagedekning.
- Legge til rette for fleire urbane kvalitetar i Volda sentrum.
- Kommunen skal til ei kvar tid kunne tilby ledige tomter både i sentrum og på bygdene.

### MÅL:

Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustadar, og attraktive bumiljø.

### STRATEGIAR:

- Heve standarden på leike- og aktivitetsområda i Volda og betre trafikale forhold for barn og unge.
- Ta vare på eksisterande arkitektoniske kvalitetar og vere bevisst på val av arkitektonisk uttrykk på nybygg.
- Legge til rette for varierte bustadtypar i tettbygde strok.
- Kontinuerleg klargjering av leilegheiter.

## MÅL:

Auke folketalet på bygdene.

## STRATEGIAR:

- Kommunen skal til ei kvar tid kunne tilby ledige tomter både i sentrum og på bygdene.
- Lempe reglar for gardseigedomar.
- Bygge (kommunale) bustader på bygdene.
- Legge bustadområde lenger nede i terrenget og nærmare sentrum/samleveggar, t.d. fortetting i Vikebygda.
- Utvikle Fyrde som bygdesenter, med attraktivt bustadfelt.

## MÅL:

Folk skal kunne bu heime så lenge dei vil.

## STRATEGIAR:

- Styrke kvardagsrehabilitering.
- Tenestene skal ha god fagleg fokus.
- Volda kommune skal tilby like tenester uansett kvar ein bur i kommunen.
- God drift av dagavdelinga for eldre der kultur, aktivitet og trivselstiltak har fokus.
- Jobbe førebyggjande og dreie tenestene på lågast mogleg nivå i omsorgstrappa.

## MÅL:

Alle som har krav på det skal få tilbod om bustad.

## STRATEGIAR:

- Framskaffe fleire bustadar.
- Fleksible bueiningar som lett kan gjerast om.
- Satse på "frå leige til eige".
- Integrering i etablerte bumiljø.

## VOLDA I REGIONEN

### MÅL:

Volda skal, saman med Ørsta, verte eit senter i regionen.

### STRATEGIAR:

- Styrke samarbeidet mellom høgskulen, sjukehuset og andre regionale funksjonar
- Styrke næringslivet i regionen.
- Samarbeide med Ørsta.
- Utvikle lokaldemokratiet.
- Motivere grupper i samfunnet til å vere med på å utvikle lokalsamfunnet.
- Definere og utvikle våre kvalitetar, vår eigenverdi. Verte eit alternativ til dei andre byane i regionen, ikkje ein konkurrent.

### MÅL:

Styrke kommunikasjonen i og til Volda.

### STRATEGIAR:

- Utvikle kollektivknutepunkt
- Utvikle betre offentleg kommunikasjon
- Ta vare på flyplassen.
- Knytte oss til eit hurtigbåtsystem (Ålesund - Bergen).

### MÅL:

Styrke og bygge opp Volda som handels- og opplevingsdestinasjon.

### STRATEGIAR:

- Samarbeid med Høgskulen i Volda
- Samarbeid med Volda næringsforum
- Marknadsføre lokale reiselivsdestinasjonar



## MÅL:

Styrke Volda som ein attraktiv friluftslivskommune.

## STRATEGIAR:

- Nytte kommuneplanens arealdel til å sikre og utvikle viktige friluftslivsområde i heile kommunen.
- Nytte statlege tilskotsordningar til innløyising og tilrettelegging i friluftslivsområde.

## MÅL:

Auke kunnskapen om Volda kommunes kulturarv og identitet.

## STRATEGIAR:

- Kartlegge kulturminne og kulturmiljø.

## VOLDA SENTRUM

### MÅL:

Det skal vere trygt og attraktivt for mjuke trafikantar i Volda sentrum.

### STRATEGIAR:

- Legge til rette for, barn, eldre og personar med funksjonsnedsettingar (universell utforming).
- Unngå høge fortauskantar og smale fortau.
- Trafikalt køyremønster.
- Betre veg, gate og parkeringsstruktur i sentrumskjernen
- Færre bilar i sentrum

### MÅL:

Fleire skal opphalde seg i Volda sentrum.

### STRATEGIAR:

- Realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Velstelte grønlanlegg og attraktive møteplassar.
- Aktivt torg.
- Heilheitleg planlegging. Ikkje tenkje berre kva som er godt nok.
- Ta vare på grønne lungar og opne sentrum meir mot fjorden/sjøen

### MÅL:

Detaljhandelen i Volda sentrum skal auke.

### STRATEGIAR:

- Ryddige, oversiktelege og nok parkeringsplassar.
- Realisere tiltak i samsvar med utviklingsplanen for Volda sentrum.
- Gjere det enklare og meir attraktivt å ferdast i sentrum til alle årstider.
- Skape gode møteplassar

## MÅL:

Volda kommune skal ta vare på og utvikle element som er viktige for Volda sitt særpreg og identitet.

## STRATEGIAR:

- Få til bevisstgjøring rundt tema for huseigarar
- Behalde skifertaka i Volda sentrum
- Ta vare på trehusbebyggelse.

## FOLKEHELSE

Alle skal kunne meistre eige liv, og bli sett, høyrte og verdsett som ressurs i lokalmiljøet.

### MÅL:

Innbyggjarane si helse skal vere betre enn landsnittet på folkehelsebarometeret.

### STRATEGIAR:

- Barnehagetilbod til alle barn og sunne og inkluderande oppvekst- og opplæringsarenaer med høg kvalitet.
- Utvide lærlingordninga og sikre tilbod om arbeid for alle.
- Førebygge meir, behandle tidlegare og sikre betre samhandling både internt og eksternt.
- Sikre rett behandling til rett tid på rett stad, gjennom ei heilskapleg og koordinert helse- og omsorgsteneste som er tilpassa den einskilde brukar nærast der dei bur.
- Sikre at alle får delta i samfunnet og ha ein meningsfull og aktiv kvardag.

### MÅL:

Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet.

### STRATEGIAR:

- Kommunen skal ha fokus på det friske mennesket.
- Vidareutvikle helsefremjande tiltak for tilsette i kommunen i og utanfor arbeidstida.
- Tilsette skal verte sett, høyrte og føle seg verdsett.
- Synleggjere utfordringar og ansvarleggjere sektorane i eit målretta folkehelsearbeid i organisasjonen.
- Bruke Frisklivssentralen Aktiv i Volda som ein viktig aktør for tilsette og andre som treng hjelp til å legge om levevanar som kan føre til sjukdom og plagar.

## MÅL:

Redusere talet på barn og unge med psykiske vanskar.

## STRATEGIAR:

- Sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring og utvikle sine evner og interesser.
- Tidleg innsats, førebyggjande og helsefremjande arbeid i barnehage og skule.
- Styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta, særleg retta mot ungdomsskulane og vidaregåande skule.
- Styrke innsatsen med miljøarbeidarar/sosiallærar (alternativ fagkompetanse) på skulane.
- Ha eit styrka fokus på mobbing frå barnehagealder og heve kompetansen knytt til mobbing generelt og mobbing via sosiale media spesielt.

## MÅL:

Redusere talet på barn og unge med overvekt og fedme.

## STRATEGIAR:

- Styrke informasjon om livsstil, kosthald, fysisk aktivitet og helse.
- Meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og fritid.
- Gang- og sykkelstiar til skular og fritidsarenaer.
- Stimulerande leikeplassar i bu- og nærrområda.
- Legge til rette for gode og trygge tilkomstar til natur og turområde. (sjekke punkt volda sentrum?)

## MÅL:

Ingen skal ta skade av eigne eller andre sine rusmiddelvanar.

## STRATEGIAR:

- Kommunen skal føre ein konsekvent og ansvarleg rusmiddelpolitikk og bidra til ein trygg og ikkje-skadeleg rusmiddelbruk.
- Styrke og utvide rusfrie møteplassar for ungdom.
- Legge til rette for ein verdig livssituasjon og meningsfull kvardag for alle.
- Sikre og auke kompetanse gjennom samarbeid med kompetansesenter og andre institusjonar.

## KLIMA OG MILJØ

### MÅL:

Andelen som reiser med miljøvennleg transport skal auke;

- andel reiser til fots eller med sykkel til arbeid skal auke med 10%
- Fleire barn og unge skal gå eller sykle til skulen.
- Talet på kollektivreisande skal auke.

### STRATEGIAR:

- Haldningsskapande arbeid
- Gode, trygge og samanhengande gang- og sykkelveggar til alle årstider
- Politisk påvirking
- Gjere det attraktivt å reise kollektivt
- Bruke plan- og bygningslova medvite i areal- og transportspørsmål

### MÅL:

Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 30 %.

### STRATEGIAR:

- Energioptimalisere alle bygg
- Skolering av driftsteknikkarar
- Auke bruken av fornybar energi
- Energileiing og energioppfølging
- Enøktiltak i kommunal byggmasse

### MÅL:

Volda kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og bevisstheit om riktig energibruk

### STRATEGIAR:

- Endre haldningar gjennom informasjon
- Klimaopplæring i barnehage og skule
- Samarbeide med næringslivet

## MÅL:

Avfallsmengden i Volda kommune skal reduserast.

## STRATEGIAR:

- Redusere avfall og forbruk
- Informasjon til innbyggjarar
- Samarbeid med VØR

## MÅL:

Utsleppa i landbruket skal reduserast

## STRATEGIAR:

- Auka kompetanse
- Auke bindinga av CO<sub>2</sub> i skog
- Bruk av SMIL-ordninga

## MÅL:

Hindre gjengroing

## STRATEGIAR:

- Hogge meir skog
- Fleire beitedyr
- styrke landbruksnæringa

## TENESTER

### MÅL:

Tenestene skal vere i samsvar med krav i lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

### STRATEGIAR:

- Openheit, læringskultur, nytenking
- Prioritere kompetanseutvikling
- Vere i dialog med brukarane
- Justere tenester etter behov i dag og i framtida
- Samordne tenester

### MÅL:

Innbyggjarane skal kunne nytte eigne ressursar, og vere trygge på å få rette tenester ved nødvendig tenestebehov

### STRATEGIAR:

- Kartlegge brukaren sine eigne ressursar og behovsvurdering
- Rett teneste til rett tid og på rett nivå
- Meir og betre samarbeid på tvers av sektorane
- Fleksible løysingar og individuelt tilpassa teneste
- Tidleg oppdaging og tidleg innsats

### MÅL:

Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,25% av inntektene

### STRATEGIAR:

- Det skal vere samsvar mellom oppgåver og bemanning.
- Realistisk budsjettering
- Administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjonen og utfordringar

### MÅL:



Volda kommune skal ha eit godt omdøme.

#### STRATEGIAR:

- Godt arbeidsmiljø.
- Gode tenester.
- God informasjon; Volda kommune skal ha ein oppdatert og brukarvennleg nettside.
- Læringskultur.
- Involverande prosessar.

#### MÅL:

Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.

#### STRATEGIAR:

- Rekruttere marginaliserte grupper
- Tidleg innsats
- Samordne teneste
- Fleksible teneste
- Alle unge skal ha meiningsfull aktivitet og tilgang til arbeid

#### MÅL:

Tilsette i Volda kommune skal oppleve eit godt arbeidsmiljø og sjukefråveret skal reduserast.

#### STRATEGIAR:

- Jobbe med nærver.
- Sjukefråversoppfølging.
- Legge til rette for møteplassar.
- Leiarutvikling.
- Alle skular og barnehagar skal vere godkjende jf. forskrift om miljøretta helsevern.

## SAMFUNNSTRYGGLIK

### MÅL:

Til einkvar tid ha gode system for beredskap

### STRATEGIAR:

- Beredskapsplan og plan for kriseleiinga må vere oppdatert til ein kvar tid.
- Beredskapsarbeidet skjer etter leon-prinsippet (lavast effektive beredskapsnivå)
- Oppdatert overordna ROS-analyse til ein kvar tid
- Alle sektorane skal ha eigne ROS-analyser og planverk
- Øving i samsvar med kvalitetssystemet for beredskapsarbeidet

### MÅL:

Gode kommunikasjonar i heile kommunen

### STRATEGIAR:

- Ha optimal mobildekning i heile kommunen.
- Sikring av rasutsette område
- Sikre beredskapsferge på Voldsfjorden

### MÅL:

Ingen bygging i ras- og flaumutsette område

### STRATEGIAR:

- Oppdatert faresonekart for ras og flaum

### MÅL:

Godt og trygt drikkevatt til innbygarane til ein kvar tid

### STRATEGIAR:

- Sikre beredskapsvatn

## MÅL:

Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen

## STRATEGIAR:

- Sikre god rekruttering
- God kompetanse
- Godt og oppdatert utstyr
- Føreseielege økonomiske rammer